



Etne 29. mai 2024

## Velkommen som konfirmant i Etne kyrkjelyd!

Det er mindre enn eitt år til ein høgtideleg dag i livet ditt!

### **Ei viktig tid - eit viktig val!**

Konfirmanttida er ei tid for å tenkja nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner!

I konfirmanttida er det tid og rom for å undra seg og stilla spørsmål.

Ei tid for å læra meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

Kyrkja i Etne ønskjer å gi dykk eit godt tilbod med variert undervisning og aktivitetar. Du finn meir informasjon om vårt opplegg for konfirmasjonstida på andre sida av arket.

### **Ei konfirmanttid for alle**

Alle har rett til ei god konfirmanttid. Dersom det trengs individuell tilrettelegging så sei frå til oss så snart som mogeleg, anten på vedlagde påmeldingsskjema eller på telefon/e-post.

For at me skal kunna finna dei beste løysingane for deg er det viktig at me får beskjed i god tid.

### **Kan alle konfirmerast i Den norske kyrkja?**

Du får denne invitasjonen fordi du er døypt og medlem i Den norske kyrkja. Unge som ikkje er døypt, eller høyrer til eit anna kyrkjesamfunn enn Den Norske Kyrkja – eller ingen er også velkommen til å vera med i konfirmantopplegget. Dåpen/dåpsattest er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønsgudstenesta. Det er ikkje uvanleg at konfirmantar blir døypte i løpet av konfirmanttida.

Sjå også nettsidene [www.konfirmant.no](http://www.konfirmant.no) for meir generell informasjon om konfirmasjonstida + nokre filmsnuttar på TikTok (#konfirmantene)

### **Presentasjonsgudsteneste**

Det er fast tradisjon at konfirmantane blir presenterte i ei gudstenesta i starten av konfirmantåret. Sett av dato for dette no:

**Etne kyrkje – søndag 1. sept. Kl. 11.**

- For **INNSKRIVING TIL KONFRIMANTTIDA** inviterer me deg og dine føresette til ei samling der du får meir informasjon og ein liten smakebit på kva du har i vente til hausten.
- **Tid og stad:**      **Etne kyrkje tysdag 11. juni kl.19.00**
- Fyll ut og ta med vedlagte innmeldingsskjema (NB begge sider!)



**DEN NORSKE KYRKJA**

## Opplegg for Konfirmantåret i Etne 2024-2025

Det blir meir informasjon på innskrivingssamlinga i tilfelle der er ting du lurer på.

Totalt skal konfirmantåret ha ca 60 timer med undervisning og andre typar samlingar, inkludert minst 8 gudstenester og fordelt på 8 månader. Du ser innhaldet i tabellen nedanfor.

Tidspunkt for konfirmantsamlingane i Etne kyrkje blir vanlegvis **onsdagar straks etter skuletid, evt. Kl. 17** når det er behov for å dela i to grupper. Me tek omsyn til skuleveg.

**Opplegget for konfirmanttida** inkluderer LEIR PÅ BRANDØY på Haugsgjerd/Bjoa saman med kyrkje-konfirmantane i Skånevik.

Undervisningssamlingar, fasteaksjon, konfirmantfest.	Etne kyrkje
Minst 8 gudstenester.  Konfirmasjonsgudsteneste laurdag 3. el. 10. mai 2025	Inkl. presentasjonsgudsteneste i sept., lysmesse i desember, samtalegudstenesta i mars/april og sjølve konfirmasjonen. Konfirmantane skal medverka i nokre gudstenester.
Pilegrimsvandring til Stødle kyrkje	Felles med Skånevik
Samling med «Svindler med stil» - Ruben Gazki	Felles med Skånevik og Vindafjord
Leirhelg på BRANDØY 17.-19. januar 2025	Felles med Skånevik
Konfirmantfestival i Norheim kyrkje – søndag 2. febr. 2025	Felles med Sunnhordland
Interessegrupper	Me arbeider med å få gi tilbod om interessegrupper. <b>Det blir meir informasjon på innskrivingssamlinga.</b>

Pris: kr 2100 - inkl leir og materiell til fellessamlingar og grupper + konfirmantfest for konfirmanten	Avgifta er subsidiert av soknerådet. Dersom økonomi er ei hindring som gjer at konfirmanten ikkje kan vera med, er det mogeleg å be om fritak. Ta kontakt - presten har teieplikt.
---	--


Du må meld deg på digitalt på [www.etne.kyrkja.no](http://www.etne.kyrkja.no) og i tillegg fylla ut vedlagde skjema og ta med på innskrivingssamlinga.

I tillegg til presten blir barne- og ungdomsarbeidar **Elisabeth Vae Haaland** med på delar av konfirmantopplegget.

Lurer du på noko så ta kontakt!

Med helsing og vel møtt til eit kjekt konfirmantår!

Kari Vik Stuhaug  
Sokneprest  
Tlf. 472 53 529  
e-post: [soknepresten@etnekyrkja.no](mailto:soknepresten@etnekyrkja.no)



# PÅMELDING TIL KONFIRMANTÅRET 2024-2025 Etne kyrkjelyd



Påmeldinga skjer i to omganger:

## 1: Påmelding på heimesida vår [www.etne.kyrkja.no](http://www.etne.kyrkja.no) med informasjon

om m.a:

Namn konfirmant, adresse, mobilnr og evt. epost,  
Namn føresette, adresse, tlf/mobil og epostadresse til denne  
Ønske om konfirmasjonsdag - laurdag 3. eller lørdag 10. mai 2025

Denne informasjonen vil vera tilgjengeleg for alle tilsette som treng kontaktinformasjon.

**NB! Me brukar primært SMS for å formidla informasjon i løpet av konfirmanttida – sikra at moblinr. er korrekt for både konfirmant og føresette!**

Påmeldingsfrist 1. juli

## 2: Utfyllande informasjon på dette skjema – avtale for konfirmanttida

**Ta med dette skjemaet til innskrivinga i Etne kyrkje tysdag 11. juni 2024 kl. 19.00  
(av omsyn til personvernet)**

Namn konfirmant:..... Mobilnr. .... E-postadr:.....

Faste dagar for aktivitet – kva idrett/anna?..... Dag..... kl.slett.....

.....  
*(me spør om dette for om nødvendig å kunne ta omsyn – snakkar om det på samlinga 11. juni)*

Interesser:.....  
.....  
.....

Spelar du noko instrument?.....  
.....  
.....

Er der sjukdom, sosiale problem eller andre ting som me bør ta omsyn til eller vita om?  
(Opplysningane er underlagt teieplikt.)  
.....  
.....  
.....

*Me ynskjer samtale om tilrettelegging eller utfyllande informasjon (kryss av om ønskjeleg)*

De kan ønska føretrekt konfirmasjonsdag ved elektronisk påmelding.

**(NB: Fyll ut baksida også!)**

## **Foreldre hjelp:**

Me treng hjelp av foreldre/føresette for å få til ei best mogeleg konfirmanttid.

Kan de hjelpe til med noko av dette? (set kryss – gjerne fleire ☺). Du vil få nytt spørsmål når det nærmar seg.

- Lage bollar som me kan ha i gruppessamlingar på ettermiddagstid. Leverast på førehand og blir lagt i frysene på kyrkjekontoret.
- Sjåfør med privatbil til konfirmantleiren midt i januar 2025, dersom det passar. Har plass til ..... konfirmantar
- Nattevakt under konfirmantleiren på Brandøy, Bjoa (1 økt à 4 timer)
- Vera med til konfirmantfestivalen på Norheim søndag 2. febr. 2025
- De kan spørja meg/ oss om hjelp til andre ting.

## **Kunngjering av namnelister:**

Det er vanleg å kunngjera liste med namna på konfirmantane til bladet Kyrkjeposten, Grannar og lokale nettsider før konfirmasjonen. Gruppebilete av alle konfirmantane plar stå på trykk i Kyrkjeposten etter konfirmasjonen. Dette kan me berre gjera dersom konfirmanten og føresette har gitt skriftleg samtykke:

- Ja, det er OK å offentleggjera namn og bilet av konfirmanten i lokalpressa og på lokale nettsider i samband med konfirmasjonsgudstenesta.***
- Nei, me ønskjer ikkje i at namnet til konfirmanten vert offentleggjort.***

## **Facebook/Heimeside:**

Me brukar sidene våre (FB: Kyrkja i Etne og Skånevik + [www.etne.kyrkja.no](http://www.etne.kyrkja.no)) til å informera om aktivitetane våre.

Det er fint å kunna legga ut bilet av konfirmantar innimellom, og då må me ha løyve til det.

- Ja, det er ok at bilet og namn på konfirmanten kan bli lagt på ovanståande facebook-sider og nettside.***
- Nei, me ønskjer ikkje at bilet og namn på konfirmanten blir lagt på ovanståande facebook-sider og nettside.***

## **Avtale:**

**Av tilsette og konfirmantleiarar i kyrkjelyden kan de vente at:**

- Me bryr oss om konfirmantane.
- Me gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vera lærerik og minneverdig.
- Me sender ut informasjon i god tid og legg ut oppdatert informasjon på Facebook og nettsider.
- Me svarar på e-post og telefon.

**Av konfirmanten ventar me at:**

- Du deltek i all undervisning og alle aktivitetar.
- Du deltek på minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida.
- Du møter presis til timane og har med bibel.
- Du melder frå når du er forhindra frå å kome, og tek att fråvær etter avtale med presten.

**Av føresette ventar me at:**

- De følgjer opp og støttar konfirmanten.
- De sender skriftleg melding til presten på førehand dersom konfirmanten er nøydd til å vere borte frå ein del av opplegget.
- De tek opp problem som måtte oppstå med ansvarleg.
- De møter på foreldremøta.

*Alle er velkomne til gudstenestene!*

*Eg ynskjer å ta del i konfirmantundervisninga og vil gjera mitt beste til at alle får ei god konfirmanttid.*

Dato: .....

Underskrift konfirmant

.....

Underskrift føresett

Ditt mobilnummer:

Dersom du ikkje kan koma til **innskrivinga 11. juni 2024**, så send skjemaet til:

Soknepresten, Etne kyrkjekontor, Enge 5, 5590 Etne

Evt: [soknepresten@etnekyrkja.no](mailto:soknepresten@etnekyrkja.no) innan 1. juli 2024

**Velkommen som konfirmant!!**